

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 25.01.2016
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Regjeringa si tiltakspakke for auka sysselsetting. Orientering om fordeling av midlar**

ARKIVSAK: 2015/2347
STYRESAK: **004/16**

STYREMØTE: **10.02. 2016**

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

Bakgrunn

I statsbudsjettet for 2016 har regjeringa vedteke ein tiltakspakke for auka sysselsetting på Sørlandet, Vestlandet og Nord-Vestlandet. Av denne pakka har Helse Vest fått 190 mill. kroner til fordeling i regionen. Pengane skal nyttast til vedlikehaldstiltak som ikkje vil bli gjort i dette året utan ekstra midlar.

Det er frå regjeringa gitt få føringar kring denne løyvinga, men den skal treffe områder der arbeidsløysa har auka mest. Helse Vest RHF vil ved fordeling av midlane mellom anna sjå hen til følgjande moment:

- Høg sysselsettingseffekt
- Tillegg til planlagd (allereie budsjettert) aktivitet
- Rask oppstart
- Geografisk spreing

Den 20. november sendte Helse Vest eit brev til dei 4 HF-a i regionen og til dei private ideelle institusjonane som vi har avtale med, der vi bad føretaka om å melde inn aktuelle tiltak. Svarfrist blei sett til 18. desember.

Innmeldte tiltak

Dei fleste innmeldte tiltaka varierer i omfang og storleik frå kr. 100.000 til kr. 5 mill. Det er i utarbeidinga av kandidatar lagt stor vekt på høg sysselsettingseffekt. Helse Stavanger har meldt inn 2 større tiltak i storleik til 12 og 25 mill. kroner.

Samla tal innmeldte tiltak og kostnad er som følgjer:

Helse Stavanger	55 tiltak	Kr. 107 300 000
Helse Fonna	47 tiltak	Kr. 50 645 000
Helse Bergen	67 tiltak	Kr. 92 789 250
Helse Førde	62 tiltak	Kr. 59 406 968
Jæren DPS	1 tiltak	Kr. 3 500 000
Bjørkeli Voss	3 tiltak	Kr. 3 450 000
HDS, Bergen	19 tiltak	Kr. 14 838 375
HSR, Haugesund	7 tiltak	Kr. 4 662 500
Til saman	254 tiltak	Kr. 336 592 093

Fordeling

Helse Vest har ved fordeling av midlane vald å nytte følgjande tre komponentar:

- inntektsfordelingsmodellen
- del arbeidsløyse per november 2015
- vekst i ledige frå november 2014 til november 2015

Komponentane er også vurdert nytta kvar for seg. Det ville gitt fordeling slik som vist i kolonnane 2, 3 og 4 i tabellen nedanfor. Inntektsfordelingsmodellen aleine er vurdert som lite egna fordelingsnøkkel da den ikkje tek omsyn til formålet med tildelinga av midlane. Å nytte dei andre komponentane som modellar aleine, gir på den anna side utslag samanlikna med normalfordelinga av ein slik storleik at det har vore nødvendig å finne fram til ei meir balansert løysing. Vi har da landa på ein modell som tek omsyn til basert på eit gjennomsnitt av desse komponentane. Det gir ein fordeling som vist i kolonne 6 i tabellen nedanfor.

1	2	3	4	5	6
	Inntektsfordeling	Nov 15	Fordeling vekst ledige nov 14 - nov 15	Sum	Sum delt på 3
Helse Bergen	85,5 mill.	68,4 mill.	47,5 mill.	201,4 mill.	67,1 mill.
Helse Fonna	27,9 mill.	32,3 mill.	28,5 mill.	88,7 mill.	29,6 mill.
Helse Stavanger	53,4 mill.	79,4 mill.	110,2 mill.	243,0 mill.	81,0 mill.
Helse Førde	23,0 mill.	9,9 mill.	3,8 mill.	36,7 mill.	12,2 mill.
					189,9 mill

Dei private ideelle som Helse Vest har avtale med utgjør ca. 6% av inntektsfordelinga. Dersom ein skulle følgje denne fordeliga ville desse institusjonane bli tildelt 11,4 mill. av pakka. Det ville redusere grunnlaget i berekningane ovanfor.

Etter gjennomgang av dei innmeldte tiltaka frå dei private ideelle er det konkludert med ei tildeling til desse som følgjer;

- Jæren DPS Kr. 1 400 000
- Bjørkeli Voss Kr. 0
- HDS, Bergen Kr. 2 000 000
- HSR, Haugesund Kr. 1 400 000

Desse beløpa blir trekt frå tildelinga i det respektive føretaksområde og gir følgjande endelege tildeling til helseføretaka:

- Helse Bergen Kr. 65,1 mill.
- Helse Fonna Kr. 28,2 mill.
- Helse Stavanger Kr. 79,6 mill.
- Helse Førde Kr. 12,2 mill.

Rapportering

Det vil i dialog med helseføretaka blir utarbeidd eit eige opplegg for korleis helseføretaka/dei private ideelle skal rapportere på bruk av midlane.